

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Spørsmål 1: Kor masse midler får Vestland frå UDIR?

Svar:

«Målgruppa for tilskotet har vore lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar som ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, og/eller som har svake ferdigheiter i norsk og har budd kort tid i Noreg.

Tilskotet er frå 01.01.2020 innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane og er ikkje lenger eit tilskot frå udir. Løyvinga er i rammetilskotet fordelt til fylkeskommunane etter dei ordinære kostnadsnøklane. Vestland fylkeskommune får i 2020 kr 6 293 000 til føremålet.

Spørsmål 2. Er det en reduksjon i tilskudd frå UDIR, sammenlignet med det som Hordaland og Sogn og Fjordane fekk før?

Svar:

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar fekk i 2018 og 2019 følgjande tilskot til føremålet:

	Tilskot 2018	Tilskot 2019
Hordaland fylkeskommune	5 531 000	5 434 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	942 000	519 000
Samla tilskot	6 473 000	5 953 000

Løyvinga i rammetilskotet til Vestland fylkeskommune i 2020 er om lag på same nivå som tilskotet dei to fylkeskommunane samla fekk i 2019 (i 2020-kr).

Spørsmål 3. Vil kriterier for tilskudd frå UDIR gjelde som før? Evt. kva er endringene?

Svar:

Tilskotet er innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane. Dette inneber at fylkeskommunane har ansvar for å ivareta målgruppa, men at det ikkje ligg særskilte føringar/øyremerking til grunn for bruken av midlane.

Fylkesdirektøren har oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå avdeling for opplæring og kompetanse og rettleiingstenestene for å utarbeide rutinar og kriterium for følgjande område innanfor opplæring i bedrift;

1. Spesialundervisning, jf. Opplæringslova § 5-1 for lærekandidatar. Rutinen følgjer krav til sakshandsaming etter kap. 5 i opplæringslova
2. Rutine for tilskot til lærlingar, praksiskandidatar og lærekandidatar med særskilte behov. I rutine for tilskot er det lagt opp til fordeling av midlar to gongar i året.

Rutinane skal m.a. innehalde kriterium for tildeling av midlar.

Spørsmål 4. Kan det være aktuelt å benytte samme kriterier som Vestfold modellen benytter? Der beregnes finansiering av opplæringskontorene utfra personalressurs til spesialundervisningen.

Svar:

Opplæringskontora er eit bransjeorgan som er finansiert av og yter service til medlemsbedriftene sine. Ikkje alle lærebedrifter er medlemar i opplæringskontor, men er med i opplæringsring eller er frittstående lærebedrift. Fylkesdirektøren viser elles til svar på spørsmål 3 over.»